

## Finansutvalet, møte 3.5.2017

Fylkeshuset, møterom Sygna

### Budsjett 2018 / økonomiplan 2018-2021 - Arbeidsdokument 2/17

Fylkesrådmannen legg no fram det siste arbeidsdokumentet før sak om økonomiplan 2018-2021 skal handsamast av fylkestinget i juni. Økonomiplanen vert som tidlegare år eit endringsdokument i høve gjeldande økonomiplan.

Dette arbeidsdokumentet omhandlar mellom anna:

- Rammevurderingar knytt til rekneskapsresultatet 2016
- SFJ2019 - siste utgreiing samt status på gjennomføring av vedtekne innsparingstiltak
- Innspel til investeringsplan
- Vidare arbeid fram mot økonomiplansaka.

#### 1 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 6.3.2017

Møteboka følgjer arbeidsdokumentet som vedlegg 1.

#### Tilråding

Møtebok frå møtet i finansutvalet 6.3.2017 vert godkjent slik den ligg føre i vedlegg 1.

#### 2 REKNESKAP 2016 – RAMMEVURDERINGAR

Fylkesrådmannen la fram pressemeldinga knytt til rekneskapsresultatet i arbeidsdokument 1/17. Det er no vurdert om det er grunnlag for å justere budsjettrammene i økonomiplanen som følgje av rekneskapsresultatet i 2016.

#### Felles inntekter og –utgifter

For postane under fellesinntekter og –utgifter er det i hovudssak berre mindre avvik mellom budsjett og rekneskap. Fylkesrådmannen si vurdering er det ikkje er grunnlag for å justere budsjettrammene utifrå desse avvika. Det største avviket er knytt til skatteinntektene, og meirinntekta er vurdert til berre å ha effekt for rekneskapsåret 2016.

#### Sektorane

For sektorane politisk styring, plan og forvaltning, næring og kultur og samferdsle er det berre mindre avvik mellom budsjett og rekneskap. Etter fylkesrådmannen si vurdering er innsparingane anten knytt til forhold i 2016 eller så er dei alt innarbeidde i budsjett 2018/økonomiplan 2018-21.

Opplæring hadde i 2016 eit samla netto mindreforbruk i høve budsjettet på ca. 0,8 mill. kr. M.a. viste rekneskapskapen for kjøp av PP-tenester eit mindreforbruk på 1,1 mill. kr. Fylkesrådmannen vil på dette området tilrå ei rammejustering, jf. nærare omtale under.

Elles er dei største postane som syner mindreforbruk vedlikehald og drift av skulebygg (2,2 mill. kr) og tilpassa opplæring (1,9 mill. kr). Dei største postane som syner meirforbruk er opplæring i bedrift (7,1 mill. kr) og fagprøvar (1,0 mill. kr). Dette er anslagsløyvingar som det er knytt stor uvisse til. Etter ei samla vurdering meiner fylkesrådmannen at det på noverande tidspunkt ikkje er grunnlag for å endre budsjettrammene på desse områda.

### Teneste 5611 PP-tenesta

Fylkesrådmannen tilrår å redusere ramma til kjøp av PP-tenester årleg med 1,450 mill. kr. Dette skuldast innsparingar knytt til ei reforhandling av samarbeidsavtalane med kommunane, samt økonomiske konsekvensar av endra organisering av Sogn PPT.

I tråd med tidlegare praksis meiner fylkesrådmannen at handlingsrommet som følgje av den varige rammereduksjonen for PP-tenesta bør nyttast til å redusere det ufordelte innsparingskravet på opplæringssektoren frå 2019.

### Tilråding

Som følgje av vurderingar av rekneskapsresultatet for 2016 vert teneste 5611 PP-tenesta redusert med 1,450 mill. kr årleg frå 2018. Det ufordelte innsparingskravet på opplæringssektoren vert tilsvarende redusert med 1,450 mill. kr årleg frå 2019.

## **3 OMSTILLINGSPROSJEKTET «SFJ 2019»**

### **3.1 Driftsrammer for Fagskulen i Sogn og Fjordane (#20)**

Fagskulen i Sogn og Fjordane har fått i oppdrag å vurdere innsparingar på høvesvis 2 og 4 mill. kr. Fylkesrådmannen legg no fram utgreiinga knytt til Fagskulen i Sogn og Fjordane, samt styret sitt vedtak frå møte den 15.03.17, jf. vedlegg 2-3.

Basert på utgreiinga meiner styret for Fagskulen at det kan forsvarast å redusere kostnadene med 2 mill. kr årleg. Innsparinga kan fasast inn i økonomiplanen med 1 mill. kr i 2018 og ytterlegare 1 mill. kr i 2019. Vidare meiner styret at det vil vere uforsvarleg å redusere drifta med 4 mill. kr då dette vil redusere læringsutbyttet ved skulen i vesentleg grad.

Dette tiltaket kan bidra til å realisere deler av det ufordelte innsparingskravet på opplæringssektoren. Det er likevel rimeleg at hovudutvalet for opplæring får høve til å vurdere styret sitt vedtak i lys av den samla økonomiske situasjonen på sektoren og resterande ufordelte innsparingskrav.

Fylkesrådmannen vil difor tilrå at hovudutvalet for opplæring får høve til å kome med ein uttale til utgreiinga før fylkesrådmannen kjem med si tilråding i økonomiplansaka i juni.

### Tilråding

Hovudutval for opplæring får høve til å uttale seg til utgreiing #20 «Driftsrammer for Fagskulen i Sogn og Fjordane», før fylkesrådmannen kjem med si innstilling i saka om økonomiplan 2018-2021.

### **3.2 Status på gjennomføring av vedtekne innsparingstiltak**

Finansutvalet vedtok i arbeidsdokument 1/17 at:

- Gjennomføring av alt vedtekne innsparingstiltak skal ha fokus i det politiske og administrative budsjett- og økonomiplanarbeidet i 2017.
- Eventuelle avvik mellom føresett og reell innsparing på eit tiltak vert å handtere innfor ramma på aktuell sektor.

Hovudutvala har i møta i mars/april starta opp arbeidet med budsjett/økonomiplan 2018-2021. I desse møta vart status på gjennomføring av vedtekne innsparingstiltak omhandla. Saksutgreiingar og tilhøyrande protokollar følgjer arbeidsdokumentet som vedlegg 4-6.

Hovudutvalet for opplæring rapporterer no om følgjande avvik i høve vedtekne innsparingstiltak:

Tiltaket «oppbygging av faga i arbeidsåret» i utgreiing #5 «Dei økonomiske rammene for drift av dei vidaregåande skulane» vil ikkje oppnå føresett innsparing, jf. arbeidsdokument 1/17, pkt. 3.4. Hovudutvalet varslar at det kan bli naudsynt å forskyve dei uspesifiserte innsparingskrava på sektoren ut i tid. Dette pga. at innsparingstiltak som er knytt til skuleår berre gir halvårseffekt (haust) det første året. Vidare opplyser hovudutvalet at ytterlegare innsparingskrav, utover det som allereie er innarbeidd i sektorrammene, vil få konsekvensar for kvaliteten på opplæringa.

Hovudutval for næring og kultur og hovudutval for samferdsle har ingen avvik.

Når det gjeld tannhelsesektoren og sektoren politisk styring, plan og forvaltning (sektorar utan egne hovudutval) rapporterer fylkesrådmannen om at det ikkje er avvik i høve gjennomføringa av vedtekte innsparingstiltak.

### Tilråding

Finansutvalet tek orienteringa til vitande.

## **4 STRATEGISKE VURDERINGAR FRAM MOT ØKONOMIPLANSAKA**

Det meste av fylkeskommunen sine inntekter er bundne opp i løpande utgifter. Det ligg likevel eit visst handlingsrom i dei årlege budsjetta ved å ta stilling til fordelinga mellom drift og investering, samt i å vurdere kombinasjonar av finansieringskjelder. Vi har finansieringskjelder som berre kan brukast til investeringsføremål, medan andre kan nyttast til både drift og investeringar. Nokre vurderingar i denne samanhengen:

### Driftsmidlar

Hovudinntektskjelda til fylkeskommunen er rammetilskot og skatt. Ei anna stor driftsinntektskjelde er lokale inntekter i form av utbytte og konsesjonskraftinntekter.

Alle typar driftsmidlar kan nyttast til både drifts- og investeringsaktivitetar. På investeringsida kan midlane anten nyttast direkte til å finansiere ei investering, eller dei kan nyttast indirekte ved å finansiere kapitalutgifter på låneopptak.

Handlingsrommet vi kan skape innafor dei årlege driftsbudsjetta, m.a. ved å vurdere innsparingskrav, vil vere avgjerande for fastsetjing av forsvarleg investeringsvolum og ev. nye driftsdisposisjonar.

### Fond

Vi har to typar fond:

- Fond bygd opp av driftsmidlar (driftsfond), som t.d. bufferfondet og fondsavsetjingar knytt til resultatoverføringsordningane på veg, opplæring og tannhelse.
- Fond bygd opp av kapitalinntekter (kapitalfond) som t.d. fondet etter sal av aksjar i Fjord1 as.

Driftsfond kan nyttast til både drifts- og investeringsføremål, medan kapitalfond berre kan nyttast til investeringar.

I intensjonsplanen for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland har vi høve til å «ta med oss» eit fond opp mot 1,5 mrd. kr som skal nyttast til prosjekt/tiltak i Sogn og Fjordane etter 2019. Det blir no viktig å sjå på korleis vi disponerer dei ulike fondsressursane våre med tanke på realisering av prioriterte investeringstiltak vs avsetjing til nemnde fond.

### Lån

Lån kan berre nyttast til investeringar. Forsvarleg lånevolum vert avgrensa av handlingsrommet i driftsbudsjettet til å finansiere tilhøyrande kapitalutgifter. Fylkeskommunen har dei seinare åra hatt ein profil der sanering av lånegjeld har hatt høg prioritet. Dette gjer at dei årlege avdraga har lege på eit høgare nivå enn det forskriftene krev.

Det kan vere rom for å auke lånegjelda noko ved å nytte budsjetterte ekstraordinære avdrag til å finansiere tilhøyrande kapitalutgifter. Denne vurderinga må sjåast i lys av dei andre strategiske tilpassingane som vert aktuelle.

### Eksterne finansieringskjelder

For enkelte prosjekt, spesielt investeringar, kan det vere aktuelt med eksterne finansieringskjelder som kommune/stat/private. Eit døme på ekstern finansiering er investeringsprosjektet Fellesmagasinet, der både stat og kommune er vesentlege bidragsytarar.

Det må arbeidast vidare med å avklare forventningar og bidrag frå eksterne aktørar i dei aktuelle investeringsprosjekta.

Slik fylkesrådmannen ser det er det no vere viktig å få vurdert optimalt nivå på desse variablane, samt ta stilling til korleis eit ev. frigjort handlingsrom skal disponerast. Fylkesrådmannen vil ha fokus på dette fram mot ferdigstillinga av økonomiplansaka.

### Tilråding

Fylkesrådmannen skal kome med eit framlegg til overordna prioriteringar for å sikre ein optimal balanse mellom investerings- og driftsnivå i komande planperiode. Som ein del av dette skal følgjande variablar vurderast:

- driftsmidlar til investering/drift
- nivå på innsparingskrav i drifta
- nivå på og bruk av lokale inntekter
- bruk av-/avsetjing til fond
- gjeldssanering/nye låneopptak.

## **5 INVESTERINGSTILTAK/-PLAN**

I arbeidsdokument 1/17 vart det vedteke å starte opp eit arbeid med tanke på å lage ein samla investeringsplan for fylkeskommunen. Denne planen skal vedtakast saman med budsjett/økonomiplansaka i desember. I same arbeidsdokument fekk hovudutvala i oppgåve å vurdere aktuelle investeringstiltak på eigne sektorar.

I dette punktet vil fylkesrådmannen presentere ei oversikt over aktuelle tiltak - i uprioritert rekkefølge - basert på hovudutvala sine vedtak og administrative innspel i høve tannhelsesektoren og sektoren politisk styring, plan og forvaltning.

### **Innspel frå hovudutvala**

Tabellen under viser prosjekta hovudutvala ynskjer å ha med i den vidare prioriteringsprosessen. For nærare omtale av dei ulike prosjekta vert det vist til hovudutvalssakene som følgjer arbeidsdokumentet som vedlegg 4-6.

| <b>Innspel til aktuelle investeringar (uprioritert rekkefølge)</b>  |
|---|
| <p><u>Hovudutval for opplæring</u></p> <p>Sogndal vgs - avd. Kaupanger<br/>           Mo og Øyrane vgs - internat, mellomfløy, kantinebygg på Mo<br/>           Sogn jord- og hagebruksskule - ysteri<br/>           Sogn jord og hagebruksskule - fjøs<br/>           Dale vgs - verkstadsbygg<br/>           Firda vgs - fløy D - aula<br/>           Årdal vgs - rehabilitering<br/>           Dei vidaregåande skulane i Førde og Fagskulen – ev. samanslåing<br/>           Mo og Øyrane vgs – ridehall på Mo<br/>           Måløy vgs- maritim avdeling<br/>           Vitensenter på Kaupanger<br/>           Eid vgs - energisatsing<br/>           Flora vgs – Flora idrettssenter</p> <p><u>Hovudutval for næring og kultur</u></p> <p>Formidlingsbygg Tusenårsstaden Gulatinget</p> <p><u>Hovudutval for samferdsle</u></p> <p>Aktuelle tiltak vert vurdert som ein del av RTP</p> |

## Administrative innspel

I dette punktet presenterer fylkesrådmannen dei aktuelle investeringsprosjekta i høve sektorane tannhelse og politisk stryring, plan og forvaltning. Sektorane har ikkje egne hovudutval, og fylkesrådmannen gjev difor ein kort omtale av prosjekta her.

| Innspel til aktuelle investeringar (uprioritert rekkefølge)                     |
|---|
| Ny tannklinikk - Førde<br>Administrasjonsbygg Leikanger – rehabilitering og tak |

### Ny tannklinikk – Førde

Den vedtekne klinikk og- tenestestrukturen i tannhelsetenesta føreset ein større klinikk i Førde. Her må arbeidet starte med å få utreda ulike alternativ. Eit alternativ kan vere felles lokalisering (Øyrane) ved ei ev utbygging/samanslåing av dei vidaregåande skulane.

### Administrasjonsbygg – Leikanger

Fylkeshuset på Leikanger nærmar seg 30 år og må vurderast med omsyn til framtidige investeringsbehov. Det er til no gjort gradvise tekniske oppgraderingar, men t.d. tilstand på takstein, utvendig solskjerming, golvbelegg/innvendige overflater mv. vil kome i kategorien større vedlikehaldsprosjekt. Dette prosjektet må vurderast i komande 3-5 års periode. Samstundes bør det også vurderast ei meir energivenleg oppvarming.

## Finansieringsplan

Fylkesrådmannen vil arbeide vidare med å få ei samla oversikt over finansieringskjeldene og moglege kombinasjonar av desse med sikte på å fastsetje eit forsvarleg investeringsvolum for komande planperiode.

### Tilråding

Det vert arbeidd vidare med å få fram naudsynt informasjon for prioritering av investeringstiltak.

Førebels framlegg til eit forsvarleg investeringsvolum for komande planperiode skal leggest fram som ein del av økonomiplansaka i juni. Endeleg investerings- og finansieringsplan vert vedteke som ein del av budsjett 2018/økonomiplan 2018-21.

## 6 ANDRE SAKER

Fylkesrådmannen vil i punkta under orientere finansutvalet om nokre aktuelle saker.

### 6.1 Innspel frå råd og utval

Etter handsaming av arbeidsdokument 1/17 har fylkesrådmannen orientert fylkesrådet for eldre, fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne og ungdomspolitisk utval om økonomiplanprosessen våren 2017. Dei vart også invitert til å kome med ev. innspel/merknader til økonomiplan 2018-2021.

Fylkesrådet for eldre har kome med følgjande innspel til økonomiplanarbeidet:

«Fylkesrådet for eldre viser til brev datert 07.03.2017 frå konstituert økonomisjef og har følgjande innspel til økonomiplanen:

- I alt plan- og omstillingsarbeid må det leggest vekt på at dei mest sårbare gruppene ikkje vert spesielt hardt råka.
- Folkehelseperspektivet må ha høgt fokus. Det må leggest til rette for å ta gode val og styrke folkehelsa.
- I planarbeidet med nye fylkesvegar må det også planleggast gang/sykkelvegar. Busstopp må utformast universelt og det er framleis ein del eksisterande stopp som er direkte trafikkfarleg plassert og må byggast om eller flyttast.

- Rassikringstiltak må ha høg prioritet for å gjere kvardagen betre for brukarane.
- Ved ruteendringar eller rutekutt vert som regel utkantane råka. For å kompensere for problema som oppstår, må serviceskyssen byggast vidare ut for å kompensere for bortfall av ruter. Det må vurderast å innføre ei ordning med «bestillingsskyss». Mange i utkantane har problem med å knytte seg til ekspressruter grunna mangel på tilførselsruter. Ei ordning med «bestillingsskyss» kan løyse slike problem.

For utfyllande kommentarar kan leiar for fylkesrådet for eldre kontaktast; Harald Ekroll.».

## 6.2 Klimabudsjett

I finansutvalet 6. mars vart det spurt korleis vi ev. kunne få på plass eit klimabudsjett kopla til budsjett- og økonomiplanen frå 1.01.18. I påfølgjande drøfting viste fleire til arbeidet med regional plan for klimaomstilling. Fylkesrådmannen sa for sin del, med tilvising til KS sentralt, at ingen fylkeskommunar så langt har teke tak i denne utfordringa. Finansutvalet gjorde ikkje vedtak om å følgje opp dette spørsmålet vidare.

13. mars 2017 fekk fylkesordførar og fylkesrådmann ein e-post der innspelet om eit klimabudsjett vart teke opp att som tema. I tillegg vart det røyst framlegg om at det burde etablerast eit klimafond i Sogn og Fjordane basert på 25 % av inntektene frå Fjord1-salet. Finansutvalet fekk kopi av denne e-posten.

For fylkesrådmannen er det vanskeleg å forhalde seg til denne type initiativ, som altså kjem frå ein medlem i eit organ uavhengig av møtet i organet. Initiativ som dette bør fremjast i det organet vedkomande representant sjølv er medlem.

Fylkesrådmannen vidarefører ut frå dette sin praksis med å legge finansutvalet sine formelle vedtak til grunn for budsjett- og økonomiplanarbeidet.

## 6.3 Regionreforma

Regjeringa har no lagt fram si innstilling til ny inndeling av regionalt folkevalt nivå. I proposisjonen vert det m.a. foreslått oppgåveendringar med eit tidlegare verknadstidspunkt enn 1.01.2020. Fylkesrådmannen vil vente på Stortinget si handsaming av proposisjonen før vi startar opp eit arbeid med å vurdere ev. konsekvensar av nye oppgåver.

## 7 FØREBELS SALDERINGSSKISSE

Med dei tilrådde endringane i dette arbeidsdokumentet har vi følgjande salderingsskisse som utgangspunkt for det vidare arbeidet med økonomiplan 2018-2021:

|  | 2018       | 2019        | 2020        | 2021        |
|--|------------|-------------|-------------|-------------|
| <b>Ubalanse etter a.dok 1</b>                        | <b>4,2</b> | <b>-2,1</b> | <b>-7,4</b> | <b>-1,8</b> |
| <b>Vurderingar i arbeidsdokument 2:</b>              |            |             |             |             |
| Opplæring - redusert ramme - rekneskapsresultat 2016 | -1,5       |             |             |             |
| <b>Ubalanse etter a.dok 2</b>                        | <b>2,7</b> | <b>-2,1</b> | <b>-7,4</b> | <b>-1,8</b> |

## 8 VIDARE ARBEID

Fylkesrådmannen skal no, med utgangspunkt i finansutvalet si handsaming av arbeidsdokument 1/17 og 2/17 utarbeide framlegg til økonomiplan 2018-21. I saka vil det også bli innarbeidd ev. økonomiske konsekvensar som følgje av:

- Framlegg til kommuneproposisjon 2018
- Tertialrapport 1/17.

Fylkesrådmannen sitt framlegg til økonomiplan 2018-21 vil følgje same saksgang som tidlegare år, med handsaming i hovudutvala 30. mai, fylkesutvalet 31. mai og i fylkestinget 13.-14. juni. Det inneber at hovudutvala sin medverknad vert noko endra i høve skissert prosess, då det ikkje vert eigne budsjettsaker no i mai. Innspel til økonomiplanen frå hovudutvala må difor kome som følgje av handsaminga av fylkesrådmannen sitt framlegg til økonomiplan 2018-21.

Tore Eriksen  
fylkesrådmann

Astrid Lernes  
Kst. økonomisjef

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Vedlegg:

1. Møtebok frå finansutvalet 6.3.2017
2. Fagskulen i Sogn og Fjordane – utgreiing om kostnadsreduksjon
3. Fagskulen i Sogn og Fjordane – møtebok frå styremøte den 15.3.2017
4. Hovudutval for opplæring – sak 6/17 – saksframlegg med tilhøyrande saksprotokoll
5. Hovudutval for næring og kultur – sak 21/17 – saksframlegg med tilhøyrande saksprotokoll
6. Hovudutval for samferdsle – sak 10/17 – notat «Økonomiplanarbeidet våren 2017 – «bestilling» til hovudutvala frå finansutvalet»

Kopi til:

Fylkestinget  
Fylkesrådmannen si leiargruppe  
Budsjettgruppa

## **1 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 6.3.2017**

### Tilråding

Møtebok frå møtet i finansutvalet 6.3.2017 vert godkjent slik den ligg føre i vedlegg 1.

## **2 REKNESKAP 2016 – RAMMEVURDERINGAR**

### Tilråding

Som følgje av vurderingar av rekneskapsresultatet for 2016 vert teneste 5611 PP-tenesta redusert med 1,450 mill. kr årleg frå 2018. Det ufordelte innsparingskravet på opplæringssektoren vert tilsvarande redusert med 1,450 mill. kr årleg frå 2019.

## **3 OMSTILLINGSPROSJEKTET «SFJ 2019»**

### **3.1 Driftsrammer for Fagskulen i Sogn og Fjordane (#20)**

#### Tilråding

Hovudutvalet for opplæring får høve til å kome med ein uttale på utgreiing #20 «Driftsrammer for Fagskulen i Sogn og Fjordane», før fylkesrådmannen kjem med si innstilling i sak om økonomiplan 2018-2021.

### **3.2 Status på gjennomføring av vedtekne innsparingstiltak**

#### Tilråding

Finansutvalet tek orienteringa til vitande.

## **4 STRATEGISKE VURDERINGAR FRAM MOT ØKONOMIPLANSAKA**

### Tilråding

Fylkesrådmannen skal kome med eit framlegg til overordna prioriteringar for å sikre ein optimal balanse mellom investerings- og driftsnivå i komande planperiode. Som ein del av dette skal følgjande variablar vurderast:

- driftsmidlar til investering/drift
- nivå på innsparingskrav i drifta
- nivå på og bruk av lokale inntekter
- bruk av-/avsetjing til fond
- gjeldssanering/nye låneopptak

## **5 INVESTERINGSTILTAK/-PLAN**

### Tilråding

Det vert arbeidd vidare med å få fram naudsynt informasjon for prioritering av investeringstiltak.

Førebels framlegg til eit forsvarleg investeringsvolum for komande planperiode skal leggst fram som ein del av økonomiplansaka i juni. Endeleg investerings- og finansieringsplan vert vedteke som ein del av budsjett 2018/økonomiplan 2018-21.

## **6 ANDRE SAKER**

### **6.1 Innspel frå råd og utval**

### **6.2 Klimabudsjett**

### **6.3 Regionreforma**

Punkta 6.1-6.3 er utan tilråding

## **7 FØREBELS SALDERINGSSKISSE**

Punkt 7: Utan tilråding

## **8 VIDARE ARBEID**

Punkt 8: Utan tilråding

